

Prop. 12 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2020 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)

*Tilråding frå Helse- og omsorgsdepartementet 9. oktober 2020,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar

1.1 Innleiing

Helse- og omsorgsdepartementet gjer med dette framlegg om endringar i budsjettet for legehjelp og psykologhjelp. Dette på grunnlag av forhandlingar med Den norske legeforening og Norsk Psykologforening, og at departementet får fullmakt til å gjere endringar i driftstilskot og folketrygdrefusjonar for fysioterapi frå 1. november 2020. Endringane for fysioterapi vert gjort på grunnlag av forhandlingar med dei tre fysioterapeutorganisasjonane Norsk Fysioterapeutforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund. Endringar i refusjonstakstane vert fastsett i forskrifter. Forhandlingane med dei nemde fysioterapeutorganisasjonane er enno ikkje avslutta. Regjeringa vil kome attende til Stortinget med framlegg om eventuelle løyvingsendringar.

1.2 Fastsetting av basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar

Basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar vert fastsett for perio-

den 1. juli til 30. juni påfølgjande år. Forhandlingane finn normalt stad i mai/juni. På grunn av koronapandemien vart forhandlingane i vår utsett til september. Det vart inngått avtalar med legeforeningen, psykologforeningen og fysioterapeutorganisasjonane om videreføring av inngåtte avtalar frå 1. juli 2020 til 1. november 2020.

Tingingane med Den norske legeforening og staten, KS og dei regionale helseføretaka om basistilskot, driftstilskot og takstar for tidsrommet 1. november 2020 – 30. juni 2021, tok til 3. september 2020. Tingingane mellom fysioterapeutorganisasjonane og staten og KS om driftstilskot og takstar starta 14. september. Tingingane om driftstilskot og takstar mellom Norsk Psykologforening og staten og dei regionale føretaka starta 24. september.

I tingingane med Norsk Psykologforening er partane einige om ei regulering av honorartakstar, driftstilskot og avsetjing til fond tilsvarande 1,9 pst. frå 1. november. Dette inneber at kap. 2711, post 71 må aukast med 1,55 mill. kroner i 2020. Verknaden for 2021 er 9,3 mill. kroner. Budsjettet for 2021 må aukast med dette.

I tingingane med Den norske Legeforening er partane einige om nominell videreføring av honorartakstane, basis- og driftstilskot og avsetjing til fond. Avtala inneber at 2,5 mill. kroner flyt-

Endringar i statsbudsjettet 2020 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)

tast frå kap. 762 Primærhelsetjeneste, post 63 Allmennlegetjenester til kap. 2755 Helsetjenester i kommunene mv., post 70 Allmennlegehjelp.

Forhandlingane med fysioterapeutorganisasjonane er ikkje avslutta.

Eventuelle endringar i utgiftene til kommunar og folketrygda frå 1. november på bakgrunn av forhandlingane med fysioterapeutorganisasjonane kan ikkje leggjast fram for Stortinget til handaming i oktober. Regjeringa gjer difor framlegg om at det vert gitt fullmakt til å gjere endringar i budsjetta til trygderefusjonane og løyvingane til kommunane som følgje av forhandlingane, samt

endra forskrifter. Desse løyvingssakene vil leggast fram for Stortinget seinare.

Helse- og omsorgsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2020 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2020 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2020 under
Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra
takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)**

I

Kap.	Post	Formål	Kroner
762		Primærhelsetjeneste	
	63	Allmennlegetjenester, settes ned med.....	2 500 000
		frå kr 454 281 000 til kr 451 781 000	
2711		Spesialisthelsetjeneste mv.	
	71	Psykologhjelp, aukast med	1 550 000
		frå kr 334 000 000 til kr 335 550 000	
2755		Helsetjenester i kommunene mv.	
	70	Allmennlegehjelp, aukast med	2 500 000
		frå kr 5 615 113 000 til kr 5 617 613 000	

II

Stortinget samtykker i at Helse- og omsorgsdepartementet får fullmakt til å gjøre endringar i løvningane til kommunane og trygderefusujonane for fysioterapi frå 1. november 2020. Endringane vil bli gjort på bakgrunn av forhandlingane med Norsk Fysioterapeutforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund.



